# Alternative resultatmål
# APM
# 2019



## Innhald

Alternative resultatmål (APM) i Sogn Sparebank pr. 31.12.2019........................3
Måltal lønsemd.....................................................................................3
a) Resultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital ................................3
b) Egenkapitalrentabilitet ......................................................................3
c) Kostnadsprosent ...............................................................................4
Måltal finansiering, soliditet og vekst..........................................................4
d) Brutto utlån......................................................................................4
e) Brutto utlånsvekst siste 12 månader ....................................................4
f) Innskotsdekning .................................................................................5
g) Lån i Eika Boligkreditt AS (EBK) ............................................................5
h) Totale utlån på eigen balanse og under forvaltning...................................5
i) Eigenkapitalandel.................................................................................5
Måltal nedskrivingar...................................................................................6
j) Nedskriving i % av utlån.......................................................................6
k) Tap på utlån i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital .........................6
Måltal eigenkapitalbevis ..............................................................................6
l) Utbyte pr. eigenkapitalbevis ..................................................................6
m) Eigenkapital pr. eigenkapitalbevis........................................................6
n) Kurs pr. eigenkapitalbevis ...................................................................7

# Alternative resultatmål (APM) i Sogn Sparebank pr. 31.12.2019

Banken avlegg årsrekneskap i tråd med International Financial Reporting Standards (IFRS) som er fastsett av EU. Alternative resultatmål (APM) er finansielle måltal som ikkje er definert under IFRS.

Banken sine APMar må ikkje sjåast på som ein substitutt for talstorleikar som føl av banken sitt årsrekneskap under IFRS, men som eit supplement. Måltala er dei same som blir nytta for interne styringsføremål og skal bidra til at rekneskapsbrukarane kan få auka innsikt i banken si finansielle stilling og resultat. APMar er presentert i følgjande rapportering frå banken:

- Delårsrapportering under avsnitt «Hovudtal konsern»
- Delårsrapportering under avsnitt «Styret si melding»
- Årsrapportering under «Styret si årsmelding»
- Årsrapportering under avsnitt «Forholdstal»

Banken sine APMar er i det følgjande definert, forklart og avstemt mot relevante storleikar frå årsrekneskapet. Alle APMar er presentert med samanlikningstal. APMane som er nemnt under, har i stor grad vore brukt konsistent over tid.

Banken gjer merksam på at banken sine definerte resultatmål kan avvike frå andre bankar sine definisjonar av likelydande måltal.

## Måltal lønsemd

### a) Resultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

Banken gir opp alle resultatstorleikar i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Gjennomsnittleg forvaltningskapital er berekna som eit gjennomsnitt av utgåande månadstal siste 13 månader. Det blir vist til avstemming av måltalet «tap på utlån i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital» under som illustrerer korleis berekninga er gjort for resultatstorleiken tap på utlån. Måltalet er annualisert i delårsrapporteringa.

### b) Eigenkapitalrentabilitet

Måltalet angir avkastninga på eigenkapitalen til konsernet og reflekterer konsernet si evne til å omsetja kapitalen til lønsam verksemd. For banken er dette eit viktig måltal då det er klar samanheng mellom eigenkapitalavkastning, vekstkapasitet og soliditet. Måltalet er annualisert i delårsrapporteringa.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | Henvising |
|---|---|---|---|---|---|
| **Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):** | | | | | |
| Renter på fondsobligasjon etter skatt | 28.718 | 20.229 | 24.973 | | (A) |
| Resultat etter skatt korrigert for renter på fondsobligasjon | -2.234 | -1.863 | -1.909 | | (B) |
| **Resultat etter skatt korrigert for renter på fondsobligasjon** | **26.484** | **18.366** | **23.064** | | **(C) = (A) + (B)** |
| | | | | | |
| Sum eigenkapital | 875.213 | 404.115 | 375.917 | 359.381 | (D) |
| Fondsobligasjon | -40.000 | -40.000 | -40.000 | -39.895 | (E) |
| **Sum egenkapital etter korreksjon for fondsobligasjon** | **835.213** | **364.115** | **335.917** | **319.486** | **(F) = (D) + (E)** |
| | | | | | |
| **Berekning av forholdstal:** | | | | | |
| Eigenkapitalrentabilitet | 4,47 % | 5,25 % | 7,04 % | 7,04 % | (C) for inneverande år/(2 års gjennomsnitt av (F)) |

### c) Kostnadsprosent

Måltalet reflekterer banken si evne til å omsetje driftsaktivitetane sine (målt gjennom driftskostnader eksklusive tap på utlån) til erverving av inntekt (målt ved totale netto driftsinntekter eksklusive netto gevinst/tap på finansielle instrument). For banken er dette eit viktig måltal då det viser kor effektivt banken blir driven.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 | Henvising |
|---|---|---|---|---|
| **Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):** | | | | |
| Netto renteinntekter | 104.933 | 63.184 | 60.207 | (B) |
| Netto vinst/tap på finansielle instrument | 7.403 | 1.321 | 3.028 | (C) |
| Netto andre driftsinntekter | 52.840 | 33.951 | 38.533 | (D) |
| Sum driftskostnader før tap på utlån | 102.051 | 67.396 | 64.924 | (A) |
| | | | | |
| **Berekning av forholdsltal:** | | | | |
| Kostnadsprosent | 67,87 % | 70,34 % | 67,83 % | (A)/((B)+(D)-(C)) |

## Måltal finansiering, soliditet og vekst

### d) Brutto utlån

Måltalet reflekterer totale utestående lån med frådrag for endeleg tapsførde lån i balansen til banken. Måltalet er viktig, då det reflekterer aktiviteten i banken si kjerneverksemd, og gir eit bilete av den utestående kreditteksponeringa mot banken sine kundar før det blir teke omsyn til avsetning for forventa tap på utlån.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 | Henvising |
|---|---|---|---|---|
| **Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):** | | | | |
| Utlån til kundar | 5.451.846 | 3.067.723 | 2.768.108 | (A) |
| Nedskrivingar | 36.128 | 9.831 | 14.014 | (B) |
| **Brutto utlån** | **5.487.974** | **3.077.554** | **2.782.122** | **(A) + (B)** |

### e) Brutto utlånsvekst siste 12 månader

Måltalet reflekterer utlånsveksten i banken siste 12 månader. For banken er dette eit viktig måltal då det reflekterer aktiviteten og veksten i banken si utlånsverksemd innanfor person- og bedriftsmarknaden. Banken ser veksten i utlånsporteføljen opp i mot den vekstkapasiteten banken har, jamfør beskriving av eigenkapitalrentabilitet.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | Henvising |
|---|---|---|---|---|---|
| **Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):** | | | | | |
| Utlån til kundar | 5.415.718 | 3.067.723 | 2.837.223 | 2.768.108 | |
| Nedskrivingar | 36.128 | 9.831 | 8.617 | 14.014 | |
| **Brutto utlån** | **5.451.846** | **3.077.554** | **2.845.840** | **2.782.122** | **(B)** |
| | | | | | |
| Fusjonseffekt | 2.175.765 | | | | |
| Endring i brutto utlån | 198.527 | 231.714 | 63.718 | | (A) |
| | | | | | |
| **Berekning av nøkkeltal:** | | | | | |
| Brutto utlånsvekst siste 12 månader | 3,64 % | 8,14 % | 2,29 % | | (A)/(B) |

## f) Innskotsdekning

Måltalet viser andelen av banken sine brutto utlån, jamfør definisjon ovanfor, som blir finansiert av innskot frå kundar. For banken er dette eit viktig måltal fordi innskot frå kundar normalt gir banken ein lågare fundingkostnad samanlikna med marknadsfinansiering i form av obligasjonar. Måltalet viser banken si avhengigheit av marknadsfinansiering.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 | Henvising |
|---|---|---|---|---|
| **Talstorleikar frå årsrekneskap (morbank):** | | | | |
| Brutto utlån | 5.451.847 | 3.077.554 | 2.845.840 | (A) |
| Innskot frå kundar | 5.121.488 | 2.865.534 | 2.715.848 | (B) |
| | | | | |
| Innskotsdekning | 93,94 % | 93,11 % | 95,43 % | (B)/(A) |

## g) Lån i Eika Boligkreditt AS (EBK)

Måltalet viser totalt utestående lån som banken har formidla til Eika Boligkreditt AS (EBK). Måltalet er viktig då det reflekterer det vedvarande inntektspotensiale frå forvaltning av lån formidla til EBK.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Lån i Eika Boligkreditt AS | 1.102.935 | 1.092.653 | 1.141.709 |

## h) Totale utlån på eigen balanse og under forvaltning

Det vert vist til beskriving av «Lån i Eika Boligkreditt AS» ovanfor. For banken er dette eit viktig måltal, då det reflekterer den samla aktiviteten og veksten i banken si utlånsverksemd.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 | Henvising |
|---|---|---|---|---|
| **Relevante talstorleikar:** | | | | |
| Brutto utlån | 5.451.846 | 3.077.554 | 2.845.840 | (A) |
| Eika Boligkreditt AS | 1.102.935 | 1.092.653 | 1.141.709 | (B) |
| **Totale utlån på eigen balanse og under forvaltning** | **6.554.781** | **4.170.207** | **3.987.549** | **(A) + (B)** |

## i) Eigenkapitalandel

Måltalet viser andelen av banken sine totale eigendelar som er finansiert ved total bokført eigenkapital. Måltalet er viktig fordi det gir eit bilete av banken sin soliditet uavhengig av korleis banken sine eigendelar er risikovekta etter kapitaldekningsreglane. Målet viser banken sin buffer mot verdifall på banken sine eigendelar.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 | Henvising |
|---|---|---|---|---|
| **Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):** | | | | |
| Sum eigenkapital | 902.153 | 404.115 | 375.917 | (A) |
| Sum eigendelar | 6.677.220 | 3.746.803 | 3.512.025 | (B) |
| | | | | |
| Eigenkapitalprosent | 13,51 % | 10,79 % | 10,70 % | (A)/(B) |

# Måltal nedskrivingar

## j) Nedskriving i % av utlån

Måltalet viser kor stor del av brutto utlån det er føreteke nedskrivingar for forventa tap på. Måltalet er viktig fordi det gir informasjon om banken si kreditteksponering og risikonivået i utlånsporteføljen.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 | Henvising |
|---|---|---|---|---|
| **Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):** | | | | |
| Utlån til kundar | 5.415.718 | 3.067.723 | 2.837.223 | (A) |
| Nedskrivingar | 36.128 | 9.831 | 8.617 | (B) |
| **Brutto utlån** | **5.451.846** | **3.077.554** | **2.845.840** | **(C) = (A) + (B)** |
| | | | | |
| Nedskriving i % av utlån | 0,66 % | 0,32 % | 0,30 % | (B)/(C) |

## k) Tap på utlån i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

Måltalet viser banken sitt resultatførte tap på utlån i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Måltalet er viktig fordi det gir eit relevant bilete av utviklinga i tap på utlån over tid. Måltalet er annualisert i delårsrapporteringa.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 | Henvising |
|---|---|---|---|---|
| **Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):** | | | | |
| Tap på utlån | 24.296 | 4.596 | 3.898 | (A) |
| Gjennomsnittleg forvaltningskapital | 6.661.747 | 3.677.463 | 3.478.800 | (B) |
| | | | | |
| Nedskriving i % av utlån | 0,36 % | 0,12 % | 0,11 % | (A)/(B) |

# Måltal eigenkapitalbevis

## l) Utbyte pr. eigenkapitalbevis

Måltalet viser styret sitt framlegg til utbyte pr. eigenkapitalbevis. Måltalet er viktig, då det kan nyttast til å berekne eigenkapitalbeviseigarane si direkteavkastning.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 | Henvising |
|---|---|---|---|---|
| **Relevante talstorleikar:** | | | | |
| Disponering utbyte på eigenkapitalbevis (i NOK 1.000) | 1.898 | 1.265 | 0 | (A) |
| Tal eigenkapitalbevis (i tusen) | 633 | 633 | 633 | (B) |
| | | | | |
| Utbyte pr. eigenkapitalbevis NOK | 3,00 | 2,00 | 0 | (A)/(B) |

## m) Eigenkapital pr. eigenkapitalbevis

Måltalet gir informasjon om verdien av eigenkapital pr. eigenkapitalbevis målt på balansedagen. Eigenkapitalstorleiken som blir nytta er korrigert for utestående beløp på fondsobligasjon. Måltalet er viktig fordi det gir eigenkapitalbeviseigarane i banken ein målestokk for å vurdere eigenkapitalbevisa si prising i aksjemarknaden på balansedagen.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 | Henvising |
|---|---|---|---|---|
| **Relevante talstorleikar (morbank):** | | | | |
| Sum eigenkapital | 866.540 | 400.837 | 373.498 | (A) |
| Fondsobligasjon | 40.000 | 40.000 | 40.000 | (B) |
| **Sum eigenkapital korrigert for fondsobligasjon** | **826.540** | **360.837** | **333.498** | **(C) = (A) - (B)** |
| | | | | |
| Eigenkapitalbeviseigarbrøk 31.12. | 14,11 % | 32,48 % | 32,50 % | (D) |
| | | | | |
| Tal eigenkapitalbevis (i tusen) | 633 | 633 | 633 | (E) |
| | | | | |
| Bokført eigenkapital pr. eigenkapitalbevis NOK | 184,39 | 185,30 | 171,36 | ((C)*(D))/(E) |

## n) Kurs pr. eigenkapitalbevis

Måltalet gir informasjon om kursen (siste) pr. eigenkapitalbevis, og er henta frå Oslo Børs på siste handledag i rekneskapsåret. Måltalet er viktig fordi det viser korleis banken er prisa i eigenkapitalmarknaden på balansedagen.

| Tal i tusen kroner | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Kurs pr. eigenkapitalbevis siste handledag NOK | 107,00 | 104,00 | 81,50 |






**Sogn**
**SPAREBANK**


Org. nr.: 837 897 912
Telefon: 57 64 85 10

www.sognbank.no
post@sognbank.no


---

Aurland • Lærdal • Vik
Sogndal • Årdal • Bergen






Design: Kortlevert.no / Foto: arkiv